



Interkommunalt
politisk råd
Nord-Gudbrandsdal

SKJÅK LOM VÅGÅ SEL DOVRE LESJA

Årsmelding 2021



Innholdsfortegnelse

1.	Forord	3
2.	Satsningsområde 1 – Arbeidsplasser	4
2.1.	Felles Næringsamarbeid i Nord Gudbrandsdalen - prosjekt.....	4
2.2	Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal (UR).....	5
2.3.	Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdal	8
2.4.	Flomrespons	10
2.5.	Årsmelding for Gudbrandsdalstinget	11
3.	Satsningsområde 2 – Kommunikasjon og infrastruktur	15
3.1.	Uttalelse om NTP 2022-2033 frta Gudbrandsdalstinget 23. mars 2021.....	15
3.2.	Handlingsprogram for fylkesvegar 2022 - 2025 (27).....	17
3.3.	Breiband – teknologisk infrastruktur	19
4.	Satsningsområde 3 – Attraktivitet.....	21
4.1.	Tilflytterarbeid (Kom til oss)	21
4.2.	Stillingslepp.....	22
4.3.	E æ aktiv æ du	25
4.4.	Ung i Nasjonalparkriket	26
4.5.	Ungdomsmusikalen Nord-Gudbrandsdal	27
4.6.	Medlemskap i nettverk	29
4.7.	Karriere Oppland.....	30
4.8.	Økonomisk støtte til Natur- og kulturbasert næringsutvikling	33
5.	Regionalt samarbeid	34
5.1.	Administrative samarbeidsorgan	34
5.2.	Interkommunalt samarbeid	35
6.	Økonomiske Nøkkeltall.....	36
6.1.	Økonomi og personell.....	36
6.2.	Partnerskapsmidlar	37
7.	Råd og utvalg	38
7.1.	Regionrådet / Representantskapet 2019-2023.....	38
7.2.	Arbeidsutvalget / Regionstyret 2019-2023	39
7.3.	Samferdselsutvalget 2019-2023	39
7.4.	Primærnæringsutvalget / Næringsutvalget 2019-2023	39
8.	Saker og møter	40
8.1.	Regionrådet / Representantskapet	40
8.2.	Arbeidsutvalget / Regionstyret	42
8.3.	Samferdselsutvalget.....	43
8.4.	Næringsutvalget	43

1. Forord

Også driftsåret 2021 har vore prega av Covid 19. Situasjonen omkring Covid19 har lært oss å setja pris på den sosiale omgangen med kollegaer og samarbeidspartnarar. Vi har også lært at mange oppgåver kan løysast gjennom digitale verktøy. Både administrative og politiske møter kan gjennomførast digitalt, men kommunikasjon handlar ikkje berre om skrift og tale. Kroppsspråk er for dei fleste av oss ein viktig del av kommunikasjonen. Når det er sagt må vi slå fast at vår bransje er skjerma frå dei største utfordringane med pandemien. Store delar av vårt regionale næringsliv må betale dyrt i kampen mot spreying av pandemien.

Av større politiske saker som har hatt fokus i meldingsåret er Handlingsprogram for fylkesvegar 2022-2025, NTP 2022-2033.

Tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring i Innlandet fylkeskommune, Strategisk plan 2021-2024 for Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal og framtidig sjukehusstruktur i Innlandet.

Tilpassing til ny kommunelov og ny samarbeidsavtale med delegeringsreglement som etter krav i kommunelova ga oss nytt formelt namn: Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal, til dagleg kalla Regionrådet.

I tillegg til dette har vi gjeve innspel på andre viktige høyringar. Den 7. desember vedtok fylkeskommunen å "gjennomføre en rådgjevande folkerøysting om en eventuell oppløysing av Innlandet fylkeskommune før endeleg vedtak i februar 2022. Fylkestinget ber regjeringen ta initiativ til utredning av fylkeskommunen som forvaltningsnivå".

Dette var også ei sak som prega vårt arbeid. Usikkerheit omkring fylkesstruktur verka lammande på mange områder som

regionrådet er opptatt av. Vi ser nå fram til at fylkeskommunen får arbeidsro med dei viktige oppgåvene som vidaregåande skule, samferdsel og samfunnsutvikling.

Av prosjekter er Universitetsregionprosjektet med Velferdsteknologi og Flomrespons dei mest omfattande.

Den største næringssaka er utvilsamt arbeidet med Gudbrandsdal Slakteri også i 2021. I juni vart det vedteke å overdra aksjane frå Regionrådet til næringssaktørane i arbeidet, og kommunane Nord-Fron, Sel, Vågå og Lom gjer vedtak om å investere i eit næringssbygg, tilrettelagt for slakteri. I oktober starta grunnarbeid på slakteritomta opp. Oppstart av bygginga er planlagt til 2022.

Takk til fylkeskommunen, Statsforvaltaren og kommunane for godt samarbeid i driftsåret 2021. Dette har vore viktig for at vi kan seie oss godt nøgd med resultata.

Regionrådsleiaren og dagleg leiar håpar at årsmeldinga gjev eit godt inntrykk av aktiviteten.

Mars, 2022

Bjarne Eiolf Holø
Regionrådsleiar

Frode Damstuen
Dagleg leiar

2. Satsingsområde 1 – Arbeidsplasser

2.1. Felles Næringerssamarbeid i Nord Gudbrandsdalen - prosjekt

Næringsmedarbeidarane i regionen fekk aksept for å søkje skjønnnsmidlar for å sjå korleis ein kan få meir effekt ut av eit utvida samarbeid på tvers av kommunegrensene.

Prosjektet fekk midlar frå Statsforvaltaren i Innlandet til dette arbeidet. Det vart engasjert ein ekstern prosessvegleiar til arbeidet.

Bakgrunn for prosjektet

Næringsapparatet i Nord Gudbrandsdalen ynskjer å ta initiativ til eit tettare samarbeid på tvers av kommunegrensene innanfor næringsutvikling og bulyst/tilflytting.

Den overordna målsettinga til prosjektet er å styrke Nord-Gudbrandsdalen som ein attraktiv tilflyttingsregion og eit attraktivt etableringsområde for både eksisterande og nye bedrifter. Dette vil vi gjere gjennom å styrke arbeidet knytt til næring og tilflytting basert på eit meir utstrakt, forpliktande og målretta samarbeid.

Nord Gudbrandsdalen er eit stort geografiske område som strekker seg frå Otta og innover to ulike dalstrøk. Tidlegare var det ein felles ressurs på regionkontoret (Regionrådet Nord-Gudbrandsdal) som koordinerte aktivitetar og hadde ansvaret for ein del overordna prosjekt. Denne ressursen er ikkje tilgjengeleg lenger. Det er derfor lett at næringsansvarleg i kvar kommune blir drege inn i interne prosjekt og at det blir jobba for lite på tvers av kommunegrenser. Næringslivet har gitt signal om at dette kan framstå uoversiktleg og fragmentert, og dette ynskjer vi å gjere noko med. Samtidig må vi erkjenne at geografien i Nord-

Gudbrandsdalen spenner langt, og det er sannsynlegvis ikkje hensiktsmessig med ei fast felles lokalisering pr. dags dato.

Statistikken viser oss at Nord-Gudbrandsdalen fungerer som ein felles arbeids- og bustadsregion, sjølv om det er delt inn i seks kommunar og det går eit skille mellom dei to dalstrøka. Vår region er ein utkant i det nye Innlandet og dette har forsterka behovet for å tenkje nytt innanfor næring- og samfunnsutvikling. Det har forsvunne særskilt mange arbeidsplassar frå regionen i seinare tid, mellom anna nedlegging av slakteriet på Otta og psykiatrisk avdeling. Nord-Gudbrandsdalen scorar allereie dårlig på nasjonale statistikkar og befolkningstala/sysselsettingstala går nedover. Vi ser at konkurransen om merksemd i både næringsetablering og tilflytting er stor, og vår region blir sterkt prega av både sentralisering og fråflytting.

Arbeidet er i skrivande stund avslutta, og skal prøvast ut i 2022.

2.2 Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal (UR)

Overordna status

Prosjektet starta opp sommaren 2019 med varigheit ut 2023. Representantskapet legg årleg inn 880 000 kr ut prosjektperioden. Fylkesutvalet ga i september tilsegn om 1 mill kvart år til og med 2023. Samstundes ønskte dei i større grad å involvere seg i prosjektet utover finansiering, mellom anna gjennom deltaking i styringsgruppa. Deira politiske representant i styringsgruppa er frå 2022 på plass som fast medlem.

Da det politiske initiativet til Universitetsregion-prosjektet var teke i 2017 hadde ein eit overordna samfunnsperspektiv på tenesteutvikling, næringsutvikling og generell samfunnsutvikling. Ein la inn ei målsetting om å bidra til 300 nye arbeidsplassar gjennom prosjektperioden. I etterkant er det etablert eit Gudbrandsdal-initiativ for næringsutvikling – Den smarte, grøne dalen. Sel kommune har i 2021 fått status som omstillingskommune med næringsutvikling og fleire arbeidsplassar som oppdrag. Omstillingsprogrammet skal ha eit regionalt perspektiv. Fylkeskommunen er involvert i alle desse prosjekta inklusiv finansiering. Føresetnadene for UR er med andre ord vesentleg endra sidan oppstarten.

Prosjektplanen frå 2019 er difor revidert i 2021. Prosjektet er no vorte meir reindyrka som ei satsing på innovasjon i kommunane. Men det skal fortsatt vere eit mål å styrke samhandlinga med næringslivet og slik bidra til meir privat verdiskaping. Innovasjon går som ein raud tråd i den 4-årige strategiplanen og årlege handlingsplanen til Interkommunalt politisk råd. Dermed er det overordna samfunnsperspektivet bak Universitetsregion-prosjektet no implementert i det regionale samarbeidet.

Lom kommune har tatt i bruk innovasjonsmetodikk. Mellomleiarar og medarbeidarar i førstelina jobbar saman om strategisk planlegging og tenesteutvikling.

Gjennom året har det vore drøfta mange moglege innovasjonsinitiativ med leiargruppene i alle 6 kommunar og med 6K-nettverka. Fleire prosjekt er sett i gong og mange moglege prosjekt er drøfta gjennom året. Prosjektleiar har ulike roller – frå sparringpartner og døropnar mot verkemiddelapparat og utdanningsinstitusjonar til medforfattar i prosjektutvikling og søknader. Det opprinnelege fokuset på talet på nye delprosjekt er tona ned til fordel på kvalitet i prosjekta og potensial for gevinst for kommunane.

Kommunane er på ulike stadier i arbeidet med innovasjon. Det er grunn til å trekke fram Lom kommune. Kommunedirektøren si leiargruppe har etter kvart integrert innovasjonsperspektivet og innovasjonsmetodikken i samfunnsplanlegging og i teneste- og organisasjonsutvikling. Eksterne fag- og forskingsmiljø blir i aukande grad kopla inn i utviklingsarbeid. Innovasjonsfokuset er godt forankra i kommunestyret.



Pandemien har i 2021 sett ein stoppar for det meste av fysiske samlingar og reiser inklusiv studiebesøk sjå utdannings- og forskingsinstitusjonar. Kostnadene med prosjektet er difor under budsjettet.

Føresetnadene for innovasjon

Universitetsregion-prosjektet skal bygge eit fundament for at kunnskaps- og forskings-driven innovasjon blir kvardagen i kommunane. Dette krev at innovasjonstenkinga er integrert i heile organisasjonen - frå administrativ og politisk leiing ut til medarbeidarane i førstelina. Som i andre organisasjonar erfarer vi at dette tek tid. I tillegg har pandemien gjeve mindre rom og overskot til å prioritere utviklingsarbeid. Ordinære og ekstraordinære driftsoppgåver har måtte få første rang.

I følgje prosjektplanen skal vi bygge struktur og kultur for innovasjon. Dette kunne bety at ein etablerte nye møteplassar. Men i 2021 konkluderte styringsgruppa med at innovasjonsstrukturen i all hovudsak må vere basert på eksisterande nettverk og møteplassar i det regionale samarbeidet, ikkje byggjast opp på sida av desse. Innovasjon må vere integrert i organisasjonen og i teneste, ikkje etablerast på utsida. Difor er dei fag-spesifikke 6K-nettverka nå grunnplanken i det vidare arbeidet. På same måten må dei eksisterande sektorvise og tverrfaglege møteplassane og styringslinene i den ein-skilde kommunen vera arenaene for auka innovasjonstrykk.

Skal ein lukkast i å utvikle ein innovativ organisasjon krevst det tydelege rammer og forventningar frå politisk og administrativ leiing og deltaking frå fagfolket i tenestene. Både leiing og medarbeidarar må bygge kompetanse i metodikk og prosesstyring. Behovet for meir kompetanse har vorte tydeleg det siste året. Det vil difor bli utvikla eit skreddarsydd kompetanseprogram med oppstart i 2022.

Kopling mot viktige samarbeidspartnerar

Innlandet fylkeskommune er den viktigste samarbeidspartneren for UR-prosjektet. Gjennom fjaråret er det bygd forsterka kontakt med fleire av dei sentrale aktørane i verkemiddelapparatet, innovasjonsnettverk og utdanningsinstitusjonar. Dette gjeld til dømes Norges Forskningsråd, Regionalt Forskningsfond Innlandet, Design og arkitektur Norge (DOGA), Horisont Europa og Leverandørutviklingsprogrammet. Tradisjonelt har våre kommunar i liten grad gjort seg nytte av dei faglege og økonomiske ressursane desse tilbyr. Vi er no i gang med ei stegvis auke i samarbeidet og innhenting av prosjektmiddel frå desse aktørane.

HelseINN er eit nettverk med 70 aktørar som på ulikt vis arbeider med utvikling av helsetenester og betre folkehelse. Dette er i seg sjølv ein spanande ressurs for oss. I tillegg har dei tilsette i HelseINN mykje relevant kunnskap for vårt innovasjonsarbeid. Våre erfaringar med samarbeidet med HelseINN er gode. Frå 2022 vil kommunane i Nord-Gudbrandsdal vere formelle partnerar i HelseINN. Medlemskapet blir finansiert av regionale middel.

UR er frå 2021 med i eit nasjonalt nettverk av universitetskommune-prosjekt. Nettverket er ein viktig plattform for deling av kunnskap, erfaring og nettverk. Prosjekteiar deltek i ei arbeidsgruppe som skal utvikle ein handlingsplan for ei systematisk styrking av kunnskaps- og forskingsbasert teneste- og samfunnsutvikling i kommune-Norge, mellom anna gjennom samarbeid med og påverknad av regjeringsapparatet.

Samarbeid med NTNU var viktig frå etableringa av UR. Den opprinnelege samarbeidsavtala vart ikkje forlenga i 2020 då NTNU ikkje såg behov for ei avtale så lenge det ikkje låg økonomiske bindingar i botnen. Men målsetnadene i avtala er vidareført.

Høgskolen Innlandet (HINN) har i 2021 rullert eigen strategiplan der det no er auka vektlegging av samarbeid i eige omland. Vi har drøfta oppfølging av dette målet med

leiinga ved HINN. Førebels samarbeider vi på ein skilde prosjekt, men målet må vere å få på plass ein overordna samarbeidsavtale.

2.3. Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdal



Bakgrunn

Fokusområde for Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdal har i 2021 vore på tryggleik- og meistringsteknologi i tråd med satsingane i det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Programmet sin eigar er Helse- og omsorgsdepartementet. Der Helsedirektoratet, KS og Direktoratet for e-helse har fått ansvaret for å fylge opp programmet, mellom anna overfor kommunane. Programmet vart lansert som idé i NOU 2011:11, innovasjon i omsorg og seinare i Meld.st.29, morgendagens omsorg. Der står det «Omsorgskrisen skapes ikke av eldrebølgen. Den skapes av forestillingen om at omsorg ikke kan gjøres annerledes enn i dag» (Regjeringen, 2013).

Mål og tiltak i prosjektet

Hovedmålet for Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdal er:

Innbyggjarane i Nord-Gudbrandsdalen skal uavhengig av alder, funksjonsevne eller bustad kunne motta etablerte velferdsteknologitenester, der tiltaket er vurdert som eit bidrag til auka sjølvstendigkeit, meistring og tryggleik.

Prosjektet skal:

- være ein pådrivar for auka samarbeid og regional samordning av satsingar innafor velferdsteknologi
- være eit bidrag til samordning av pågående tiltak og prosjekt
- sørge for at velferdsteknologi blir ein integrert del av tenestetilbodet
- være eit bidrag til bygging av kompetanse og kartlegging av behov innafor velferdsteknologi
- auke samarbeidet med friviljuge organisasjonar/pårørande/akademia

Kommunene i Nord-Gudbrandsdalen skal gjennomføre «Smart velferdsregion»-prosjektet både i fellesskap, og kvar for seg gjennom ein felles framdriftsplan.

Dette vil være rama for arbeidet vårt, og for å nå dei overordna nasjonale måla. Målet med den nasjonale satsinga er blant anna at velferdsteknologi skal skapa ein tryggare og enklare kvardag både for brukaren, pårørande og omsorgspersonale.

Samarbeidspartar og finansiering

Smart Velferdsregion er, saman med mange andre kommuner i Norge, ein del av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Vi har søkt om, og fått tilskot fra Helsedirektoratet for vidareføring i Nasjonalt velferdsteknologiprogram.


Status

I 2021 vart det iverksett minst ein velferdsteknologi (VFT) i kvar kommune. Dette som eit ledd i målsetninga i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Vi har fått prøvd ut ulik velferdsteknologi der behovet til brukaren har vore i fokus. Regionen har skaffa ei felles plattform for velferdsteknologi (VFT), og ei rame for kjøp av velferdsteknologi og utstyr. Dette fører til at vi har betre kvalitetssikring, og eit meir effektivt grunnlag når vi skal ta i bruk ny teknologi. I perioda for utprøving har vi

systematisk registrert gevinstar. Til dømes at brukarane føler seg meir sjølvstendige og trygge i eige liv, og ei auka avlastning for dei pårørande.

Vi har vedvarande opplæring av tilsette, innbyggjarar og pårørande. I tillegg til dette har den videregåande skulen eit regionalt samarbeidsprosjekt der målet er at Velferdsteknologi blir ein naturleg del av opplæringa i skulen og ute i praksis. Digivenn har vore ei felles satsing mellom Nord-Gudbrandsdal Vidaregåande skule og Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal. Prosjektet skal være eit bidrag til at digital kompetanse blir overført frå ungdom til eldre, gjennom bruk av digitale kommunikasjonsverktøy. Det har også vorte inngått ei samarbeidsavtale med Livsglede for eldre, der vi i fellesskap skal vidareutvikle Digivenn på nasjonalt plan.

Pandemiane er fortsatt ein risikofaktor med tanke på vidare framdrift. Vi er små kommuner og ved lokale utbrudd har viktige ressurspersonar vorte disponert om til smittesporingsarbeid. Vi har som følgje av dette utsett opplæring og tiltak som vi må arbeide vidare med i 2022. I 2022 skal vi også ha fokus på tryggleik og meistring blant eldre, barn, unge og voksne som har med medfødt funksjonsredusjon, samt digital oppfølging heime.



2.4. Flomrespons

Flomrespons er eit forskningsprosjekt som har som mål å utvikle nye løysingar for varsling av flom på lokalt nivå, på eit tidleg stadium. Dette er eit før-kommersielt anskaffingsprosjekt, finansiert av Norges Forskningsråd, og Skåppå AS er innleigd prosjektleiar.

Hausten 2020 vart 4 av 13 leverandørar vald ut til å skissere sine løysingar på utfordringa vår. Gjennom ei skisefase, utviklingsfase og piloteringsfase, skal vi vurdere kva slags løysingar som best svarar på vårt problem, og som derfor skal få støtte til å utvikle sitt forslag. Mot slutten av 2022 skal dei to beste løysingane etter planen vere utvikla og testa, og klart for eventuelt kjøp av kommunane.

I 2020 gjennomførte vi ein omfattande anbudsprosess med marknadsdialog,

intervju med leverandørar og vurdering av tilbod. Nå har vi ferdigstilt både skisefasa og utviklingsfasa, og er i gang med tredje og siste del av prosjektet, testfasa. Fire leverandørar har blitt til to. Fram til desember 2022 skal dei teste og ferdigstille sine løysingar. Da skal det vere klart for at kommunane kan kjøpe løysinga, som skal forenkle og effektiviserer det førebyggande flomarbeidet i kommunane i regionen.

For meir informasjon, sjå www.flomrespons.no.



Otta sentrum under flaumen i 2013

2.5. Årsmelding for Gudbrandsdalstinget

Om Gudbrandsdalstinget

Gudbrandsdalstinget består av politisk valgte representanter for kommunene Dovre, Gausdal, Lesja, Lillehammer, Lom, Nord-Fron, Ringebu, Sel, Skjåk, Sør-Fron, Vågå, Øyer og fylkeskommunen.

Statsforvalter har møte- og talerett. Det samme gjelder kommunenes kommunedirektører og fylkeskommunedirektør.

Gudbrandsdalstinget finner sted to ganger i året: om våren og om høsten. Arbeidsutvalget har ansvaret for å forberede saker til møtene.

Gudbrandsdalstinget 23. mars 2021

På grunn av covid-19-situasjonen ble Gudbrandsdalstinget arrangert digitalt, med et studio med gjester/innledere på Lillehammer Hotell. Møtet ble streamet, slik at også andre interesserte kunne overvære møtet direkte.

KS og Skåppå var delaktige i utformingen av programmet som, i tråd med ønsker fra det forrige Gudbrandsdalstinget, hadde næringsutvikling som hovedtema.

Innledere og paneldeltakere på møtet:

- Bjørn Arild Gram, styreleder i KS
- Ole Erik Almlid, direktør NHO
- Jan Christian Vestre, adm.dir. Vestre AS
- Kamilla Thue, ordfører Eidskog
- Rolf Røtnes, prosjektleder i Samfunnsøkonomisk analyse AS
- Ole Smidesang, Skåppå
- Hanne Maren Kristensen, Skåppå
- Kjersti Granåsen, prosjekt innovative anskaffelser
- Jon Kristiansen, regiondirektør NHO
- Dag-Henrik Sandbakken, fagsjef KS
- Bjarne Slapgård, styreleder Gudbrandsdal Energi
- Unni Strand, adm. banksjef Sparebank 1 Lom og Skjåk
- Kathrine Skretting, rektor Høgskolen i Innlandet.
- Sverre Bjørnstad, direktør Innovasjon Norge Innlandet
- Per Oluf Solbraa, leder av styringsgruppa for Krafttak for Grønn Vekst
- May Brit Støve, daglig leder Peer Gynt AS
- Ove Gjesdal, reiselivssjef Visit Lillehammer
- Ida Amble Ruge, prosjektleder, Skåppå
- Ole Erik Bjørnstadhaugen, reiselivssjef Nasjonalparkriket Reiseliv AS

Det ble vedtatt fire uttalelser:

- Uttalelse om NOU 2020:15
- Uttalelse om NTP
- Uttalelse om det grønne skiftet i Gudbrandsdalen
- Uttalelse om politiberedskap

I tillegg ble årsmelding og regnskap for 2020 behandlet og vedtatt.

Gudbrandsdalstinget 25.-26. oktober 2021

Gudbrandsdalstinget ble arrangert på Spidsbergseter Resort Rondane. Hovedtema for møtet var videre arbeid med felles erklæring om det grønne skiftet i Gudbrandsdalen (oppfølging fra Gudbrandsdalstinget i mars). Arbeidet resulterte i en «Avtale om en bærekraftig dal», som ble signert av alle 12 ordførerne. I tillegg var følgende temaer på agendaen: demografi, økonomi og distriktpolitikk.

Anette Musdalslien ledet møtet som fungerende leder av Gudbrandsdalstinget, etter at Rune Støstad tidligere på høsten hadde fratrådt som følge av at han ble valgt inn på Stortinget.

Følgende innledere og paneldeltakere bidro:

- Knut Storberget, statsforvalter
- Rune Støstad, stortingsrepresentant
- Victor Norman, professor NHH
- Håvard Teigen, professor Høgskolen i Innlandet
- Birgitte Bay, leder Midt-Gudbrandsdal næringsforening
- Ole Smidesang, innovasjonsleder Skåppå
- Ida Amble Ruge, prosjektleder Skåppå
- Asbjørn Heieraas, Nye Veier
- Remi Solberg, leder av Lofotrådet
- Tomas Holmestad, student og nettverksmedlem, Young Professionals
- Håvard Moe, seniorrådgiver, KS
- Elin Fjeldberg, administrasjonssjef Lom
- Håvard Gangsås, kommunedirektør Ringebu
- Andre Winje Arntzen, samfunnkontakt Sparebank 1 Gudbrandsdal

Det ble foretatt valg av ny leder og nestleder av Gudbrandsdalstinget. Ingunn Trosholmen ble valgt som ny leder av tinget, og Anette Musdalslien ble gjenvalgt som nestleder – begge for ett år.

Møtet vedtok to uttalelser:

- Uttalelse om sykehus
- Uttalelse om Dovrebanen

I tillegg vedtok som nevnt Gudbrandsdalstinget «Avtale om en bærekraftig dal» som ble signert av alle 12 ordførerne i Gudbrandsdalen.

Arbeidsutvalget (AU)

AU består av valgt leder av Gudbrandsdalstinget og lederne av regionrådene/de interkommunale politiske rådene i Nord-Gudbrandsdal, Midt-Gudbrandsdal og Lillehammer-regionen.

Arbeidsutvalget som ble valgt av Gudbrandsdalstinget 26.-27. oktober 2020 besto av følgende personer:

- Rune Støstad (leder fram til 16.9.21)
- Anette Musdalslien (nestleder. Fungerende leder fra 16.9.21 til 26.10.21)
- Bjarne Eiolf Holø
- Arne Fossmo

Det ble foretatt nytt valg av leder og nestleder på Gudbrandsdalstinget 25.-26. oktober 2021. Etter dette besto arbeidsutvalget av følgende personer:

- Ingunn Trosholmen (leder)
- Anette Musdalslien (nestleder)
- Bjarne Eiolf Holø
- Arne Fossmo

Det ble avholdt 12 møter i arbeidsutvalget 2021:

- | | |
|-----------|------------|
| • 2.1.21 | • 3.5.21 |
| • 2.2.21 | • 8.6.21 |
| • 17.2.21 | • 16.9.21 |
| • 22.3.21 | • 5.10.21 |
| • 22.3.21 | • 11.11.21 |
| • 13.4.21 | • 14.12.21 |

Vedtak/uttalelser sendt fra AU på vegne av Gudbrandsdalstinget:

- Uttalelse om Kringsjåtunet 11.2.21
- Høringsuttalelse om Granheim lungesykehus 9.2.21

Økonomi

For 2021 ble det bevilget kr. 150.000 fra hvert av de tre regionrådene/de interkommunale politiske rådene.

Interkommunalt politisk råd for Lillehammer-regionen har hatt sekretariatsansvaret i 2021 og har forskuttet kostnader i forbindelse med Gudbrandsdalstinget.

Regnskapet for 2021 viser kostnader på kr. 216.282 kr som gir en kostnadsfordeling på kr. 72.094 på hver av de tre regionrådene/de interkommunale politiske rådene. Hovedårsaken til at det er brukt mindre midler enn budsjettet er at det pga corona kun var et fysisk møte i 2021.

Gudbrandsdalstingets sekretariat

Av mandatet for Gudbrandsdalstinget (vedtatt i 2018), framgår det at de tre regionkontorene for hhv. Nord-Gudbrandsdal, Midt-Gudbrandsdal og Lillehammerregionen til sammen utgjør sekretariatet for Gudbrandsdalstinget. Ansvaret for sekretariatsarbeidet rulleres mellom regionrådene med ett års varighet.

Rulleringen har vært/er som følger:

- Nord-Gudbrandsdal (2020)
- Lillehammerregionen (2021)
- Midt-Gudbrandsdal (2022)

3. Satsingsområde 2 – Kommunikasjon og infrastruktur

3.1. Uttalelse om NTP 2022-2033 fra Gudbrandsdalstinget 23. mars 2021

NTP løser ikke de distrikts- og næringspolitiske utfordringene i Gudbrandsdalen

Gudbrandsdalstinget reagerer på forslaget til Nasjonal Transportplan. De viktigste samferdselsprosjektene på både veg og bane i vår region er ikke godt nok prioritert. Intercity utbygging til Lillehammer legges på is og det er fortsatt svært uklart når E6 gjennom Gudbrandsdalen blir ferdig. Gudbrandsdalstinget forventer at Stortinget nå viser en større vilje til å satse på Lillehammer og Gudbrandsdalen.

Regjeringa viderefører overføringa av riksvegprosjekter fra Statens vegvesen til Nye Veier AS. I Gudbrandsdalen gjelder dette E6 Otta-Dombås og E136 Dombås-Vestnes. Sammen med en rekke andre, overførte prosjekter betyr dette at porteføljen i Nye Veier øker kraftig uten at den årlige, økonomiske ramma for Nye Veier øker tilsvarende. I stedet utvides tidsramma for realiseringa av prosjektene i porteføljen fra 2035 til 2041. Regjeringa legger ingen føringer for når prosjekter på E6 og E136 i Gudbrandsdalen skal starte opp eller være fullført.

Regjerings politikk er at det skal være opp til styret i Nye Veier å prioritere innenfor tildelt portefølje og budsjetttramme. Nye Veier har et mandat der kost/nytte-vurderinger er styrende for prioriteringene. I praksis betyr dette E6 og E136 får svært hard konkurranse om å bli prioritert av Nye Veier.

Gudbrandsdalstinget mener følgende prosjekter må prioriteres høyere:

JERNBANE

Gudbrandsdalstinget mener at ambisjonen om dobbeltspor fram til Lillehammer (Intercity) ikke må fravikes. Planlegging og utbygging av ytre Intercity må videreføres og prioritieres.

Det er viktig at NTP fastholder ambisjonen om økt kapasitet og hastighet på jernbane helt frem til Lillehammer. Utbygging av ytre Intercity er en forutsetning for økt frekvens og reisetidsforbedringer for både regiontog og fjerntog, samt mer gods fra veg til jernbane. I tillegg til fullføring av IC fram til og med Hamar må det i planperioden 2022-2033 minimum gjennomføres utbygging av dobbeltsporstrekninger mellom Brumunddal og Lillehammer.

Gudbrandsdalstinget forutsetter at togparkering Dovrebanen (504 mill.kr) i perioden 2022- 2027 er hensettingsanlegget på Lillehammer, Hove. Uteblir midlene vil det hindre planlagt byutvikling.

VEG

E6

Gudbrandsdalstinget krever at E6 mellom Ringebu og Otta fullføres og at det blir satt en slutt dato for utbygginga. Krav om sammenhengende utbygging av E6 Ringebu – Otta er en presisering av kommunestyrevedtakene utført av kommunene Sel, Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu.

Prosjektet er bare halvferdig og strekningene fra Elstad til Frya og Sjoa til Otta (etappe 2) gjenstår.

E6 er hovedfartsåre mellom Oslo og Trøndelag/Nord-Vestlandet. Dette er en nasjonal hovedfasrtåre som er viktig for næringsliv, pendlere og for privatbilister.

Siden 2016 har vi betalt bompenger for en veg vi ikke har fått. Det er en helt uakseptabel situasjon.

Ved framleggelsen av NTP understreker Samferdselsministeren at det er tradisjon i Norge for å fullføre prosjekter som er påbegynt. Det må også gjelde i Gudbrandsdalen. E6 i hele Gudbrandsdalen er overført til Nye Veier. Men regjeringa har ikke noe uttalt mål om ferdigstillesdato.

RV15

Gudbrandsdalstinget krever at Rv15 med ny vedtatt tunnelløsning, konsept B1 tilrettelagd for arm til Geiranger, blir prioritert med startløyving mot slutten av første del i planperioden.

Hele strekninga Otta – Måløy - «fra jernbane til sjø» - har stort behov for strekningsvise tiltak og ny tunnelløsning på Strynefjellet med tunnelarm til Geiranger. Nye veglösninger både i øst og vest setter større fokus på Rv15 Otta-Stryn. Vegen er en viktig transportåre for innbyggerne, for gjennomgangstrafikken og for næringslivet. Bedrifter i mer enn 15 kommuner har tunnelene i Breidalen som sin hovedtrasé. Trange tunneler gir stor avvisningseffekt.

Stenging grunnet ras eller fare for ras gir lange omkjøringsruter.

E136

På E136 er det et behov for strekningsvise tiltak og ferdigstillelse av gang- og sykkelveg gjennom Lesja. Innlandet fylkeskommune må sammen med Møre og Romsdal arbeide for å løfte prosjekter på E136 inn i første 6-årsperiode.

FYLKESVEG

Etterslepet i vedlikehold og nødvendig oppgradering av fylkesvegene er beregnet til mellom 60-80 mrd. Nullvisjonen for antall drepte i trafikken vil ikke nås med dagens standard på fylkesveg-nettet. Det er foreslått ei økning til fylkesvegene på ca. 16 mrd. kroner i planperioden der den største veksten kommer i andre 6-årsperiode. Gudbrandsdalstinget mener mer av økninga må komme i første 6-årsperioide.

ANNET

Gudbrandsdalen er en av de regionene i landet som i dag har lengst reisetid til flyplass.

Flytrafikken er i endring hvor elektrifisering og en rask utvikling i bruk av droner til frakt av varer og tjenester vil føre til mindre behov for arealkrevende flyplasser og åpne for lønnsomhet på mindre trafikkerte strekninger. En utvidelse av dagens kortbanenett, med små arealeffektive fly og drone-landingsplasser, vil være en effektiv måte for å få rask infrastruktur mellom regioner hvor det i dag er lang kjøretid til nærmeste flyplass.

3.2. Handlingsprogram for fylkesvegar 2022 - 2025 (27)



Frå Valdresflye våren 2006

Regionstyret for Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal behandla saken i møte 21.05.21, sak 10/2021, og kom med følgjande høringsuttale:

Innleiingsvis vil Regionrådet peike på at Handlingsprogrammet er volumiøst og omfattande. Vi har full forståing for at det krevst ei grundighet i dokumentet for at det skal gje eit komplett bilde av status og utfordringar. Det nye fylket er stort, noko som gjev seg særleg utslag innan samferdselssaker.

For at ein skal sikre god medverknad frå lokalpolitisk nivå oppmodar Regionrådet til å sjå på moglegheiter for å utarbeide regionalt tilpassa høyringsdokument.

Det er omtalt at fylkesvegnettet står framfor fleire store utfordringar framover. Etterslep på vedlikehald, spesielt. Fylkesvegnettet i Innlandet består av 6812km. 7% av dette ligger i Nord-Gudbrandsdal. Forfallet på fylkesvegnettet i Innlandet er kalkulert til en verdi på 4,4 mrd.kr. Regionrådet ber om at det blir sett av ein eigen investeringspost for

fylkesvegar med ÅDT under 500 slik det vart gjort i handlingsprogrammet 2006-2009 i Oppland, sett opp mot dei 700 mill som ikkje er disponert.

Regionrådet er svært bekymra for veksten av etterslep på vedlikehold av fylkesvegene. Med bakgrunn i dei store utfordringane på etterslep med vedlikehald bør vegeigaren leggje stor vekt på å utfordre gjeldande vegvegnormaler som er utarbeidd av Statens Vegvesen. På fylkesvegar med låg årsdøgntrafikk bør ein vurdere løysingar som avvik frå vegnormalane, slik som omtalt i handlingsprogrammet. Vi har erfaring frå tidlegare fylkesvegprosjekt i vår region der det har vore lagt til grunn eit "godt nok"-prinsipp med hjelp av eksempelvis å i større grad utnytte restverdien i vegen. Dette har, så langt vi kjenner til gjeve gode resultat.

Omklassifisering frå fylkesveg til statleg eller kommunal veg har vore satt på dagsorden i fleire omgangar dei siste åra. I planprogrammet er det sagt at vegnett med lite trafikk kan vera aktuelle for omklassifisering til kommunal veg- og fylkesvegar med høg trafikk kan vera aktuelle for omklassifisering til riksveg. Kommunale vegar er ei stor økonomisk byrde for kommunane i vår region.


Ved eventuelle omklassifiseringar må det leggjast til grunn moglegheiter for eit makeskifteprinsipp som gjer at kostnadene til kommunane ikkje blir auka. Vedr. omklassifisering frå fylkesveg til riksveg har Regionrådet tidlegare stilt spørsmål om Nasjonale turistvegar som fylkesvegane over Valdresflya, Gamle Strynefjellsvegen og Sognefjellet burde vore riksvegar.

Mange av fylkesvegane i Nord-Gudbrandsdal er viktige omkjørings/beredskapsvegar. Det er viktig at desse har en standard som kan klare å ta både lett og tung trafikk ved aktuelle hendingar.

Regionrådet ber vegeigar om å kartleggje og ha ein vedlikehaldsplan som sikrar at desse vegane kan vera funksjonelle i gjevne situasjonar. Dette er ein beredskap som må forbedrast, både av omsyn til vegens betydning for nasjonal transittrafikk, næringsliv og busetting. Dei kommunale behandlingane understrekar også viktigheten av dette.

Klimaendringer gjev stadig meir ekstremvær. Dette fører til behov for ein meir robust infrastruktur og auka vedlikehold. Gudbrandsdalen har ved fleire høve dei siste åra vorte ramma av flom og jordras. Fylkesvegar og kommunale vegar har vorte hardast ramma. Nord-Gudbrandsdalen spesielt utsett med bakgrunn i bratte dalsider. Det er viktig at vegeigar kan drive førebyggjande arbeid på desse vegane. Vidare har dei same strekningane utfordringar med drenering og stikkrenner som kan ta i mot "vilt vatn". Her er det viktig å samhandle med kommunane for å sikre at god lokalkunnskap blir lagt til grunn.

3.3. Breiband – teknologisk infrastruktur



Status bredbånd Nord-Gudbrandsdalen 2021

Regionrådet har i tett samarbeid med sine seks kommuner i flere år jobbet målrettet mot å få full bredbåndsdekning. I 2021 ble det fra nasjonalt hold satt opp en målsetning om at alle husstander i Norge skal ha tilgang til bredbånd med kapasiteten 100/10 Mbit/s innen utgangen av 2025. Innlandet fylkeskommune har tilsvarende mål i sin strategi.

Våren 2021 inngikk Regionrådet en avtale med ekstern konsulent om støtte til utarbeidelse og koordinering av søknader om offentlig støtte, deltagelse i forhandlinger ved konkurranser,

planlegging og for prosjektoppfølging av pågående utbyggingsprosjekter. Konsulenten jobber sammen med en kontaktperson i hver kommune og rapportere til dem samt til regionrådsleder.

Mottatte offentlige støttemidler 2014 til 2021

Regionen har totalt siden oppstart i 2014 av den offentlige ordningen med støtte til bredbåndsutbygging, totalt mottatt over 32 millioner til bredbåndsutbygging.

I samme periode har tidligere Oppland fylke og Innlandet fylke (fra 2020), tildelt regionen nesten 12 millioner i støtte.

År	Kommune	Fylkeskommunal støtte	Statlig støtte
2015	Alle seks kommuner	0	15 300 000
2018	Alle seks kommuner	3 100 000	796 983
2019	Alle seks kommuner	6 000 000	2 915 455
2020	Sel	0	7 224 000
2021	Dovre, Lesja, Vågå	2 783 830	6 398 150
Totalt		11 883 830	32 634 588

Dekning 2021

For Nord-Gudbrandsdalsregionen viser dekningstall innhentet medio 2021 av Nasjonal kommunikasjons-myndighet og tall fra fylkeskommunen per desember 2021, følgende status for husstandene i regionen totalt:

Tilgang til 100/100 Mbit/s	70%
Utbygging pågår	14%
Under utlysning	14%
Kartlagt	2%

Status på kommunenivå er som følger

Kommune	Tilgang 100/10	Utbygging pågår eller under utlysning
Skjåk	93 %	7 %
Lom	81 %	19 %
Sel	77 %	20 %
Vågå	62 %	34 %
Dovre	64 %	36 %
Lesja	33 %	63 %

Status på prosjekter under utlysning

Det ble i inngått kontrakt med utbygger HomeNet AS som er ny i regionen, for i overkant av 1 100 husstander i første kvartal 2022. I tillegg foregår det forhandlinger for utbygging til ytterligere ca 350 husstander og det er forventet at det gjøres tildeling av denne utbyggingen i månedsskifte april/mai 2022.

Videre planer

Eidsiva Bredbånd som bygger ut i flere områder, har i 2021 dessverre meldt inn mange forsinkelser. Dette skyldes i hovedsak årsaker som ligger utenfor deres kontroll. Nye krav som eiere av strømnett må forholde seg til, medfører et større omfang av oppgraderinger av lavspent- og høyspentnettet enn det som var tatt inn i opprinnelige prosjektplaner.

Med meldte forsinkelser er nå planlagt ferdigdato for alle pågående prosjekter utgangen av 2022. Dette gjelder også prosjektene til HomeNet.

Det gjenstår da rundt 200 husstander i regionen som det per i dag ikke er konkrete

planer for. Regionrådet planlegger å sende søknad om støtte til Innlandet fylkeskommune i 2022 til utbygging også til disse husstandene under forutsetning av at disse er støtteberettiget.

Regionrådet mener derfor at Nord-Gudbrandsdalregionen vil klare å nå målet om 100/10 Mbit/s til alle sine innbyggere innen 2025.

4. Satsingsområde 3 – Attraktivitet

4.1. Tilflytterarbeid (Kom til oss)

Kom til oss er ein samlebetegnelse for tilflyttingsarbeid i regi av IPR. Arbeidet skal bidra til å styrka Nord-Gudbrandsdalen som tilflyttingsregion, og bidra til auka attraktivitet. Arbeidet skal synleggjerast gjennom auka fokus på sosiale medium, nettsida www.komtiloss.no og medieomtale.

